

Lindås Kommune

31.08.2014

Hilland Velforening

Hilland

5911 ALVERSUND

**Vedr søknadskjema om tilskot frå Kulturmidlar.**

Hilland Velforening har vore oppretta i lang tid, men har dessverre ikkje vore aktiv dei siste 10 åra. Derimot er det no nokre bebuarar innan Velforeninga si geografiske grense som har genuin interesse for å få Velforeninga opp og gå, og kunne legge til rette for trivselfremjande aktivitet for bebuarane i felta.

Privatpersonar har dei to siste åra arrangert dugnad, uavhengig av Velforeninga, for leikearealet, og dette har vist seg å vera utviklande og kjekt for den yngre garde. I dette høve re-starta me Hilland Velforening i mars 2014, og me ser positivt på prosessen og tankane for vidare drift av Velforeninga, og utviklinga av leikeplassen for våre små. Velforeninga har nyleg restarta og enhetsregistrert seg i Brønnøysundsregistra, og såleis kan me ikkje legge ved årsmelding, budsjett og rekneskap for siste åra. Dette kan ettersendast til kommunen då årsmøte er halde vinter 2015, om det er ynskjeleg.

Me håpar at søknaden vår fortsatt er av interesse, og at me kan få bygga vidare på det me ser barna har interesse av og trivst med.

Helsing

Maria Langhelle

Leiar for Hilland Velforening.